



## Fleirspråkleg valinformasjon – eit spørsmål om tillit

– Å røyste ved stortingsval kan vekke kjensler. Mange veljarar har skremmande erfaringar frå heimlandet og kan kjenne seg utrygge i situasjonen. Det hjelper ikkje alltid at dei forstår norsk. Den viktigaste grunnen til å omsetje valinformasjon er å skape tillit til styresmaktene og gjere det lettare å bruke røysteretten, seier Lisbeth Dalin i Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi).

I haust har meir enn 3,6 millionar veljarar røystrett, og over 200 000 av dei er norske statsborgarar med innvandrarakgrunn. Skal du få norsk statsborgarskap, må du som hovudregel ha budd i Noreg i sju år og kunne norsk eller samisk. Både IMDi og Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) gir likevel ut valinformasjon på ei rekkje andre språk.

### Kva språk får innpass i valinformasjonen?

IMDi skriv ei tilråding til KRD om kva språk dei bør informere på. IMDi legg vekt på kor mange nye statsborgarar som brukar dei ulike språka, og kor lenge dei har budd i landet. Dessutan blir grupper som har særleg låg valdeltaking, prioriterte.

– Vi har ei ramme på ti språk, og kapasiteten vår avgjer kor mykje materiell vi får laga på andre språk enn norsk og samisk. I år gir vi ut ein brosjyre med same informasjon som på valkortet, omsett til arabisk, engelsk, persisk (farsi), polsk, russisk, bosnisk-kroatisk-serbisk, somali, tyrkisk, urdu og vietnamesisk. På valkortet står det dessutan på engelsk kvar ein finn informasjonen på andre språk. I tillegg har vi ein informasjonsfilm om stortingsvalet med kommentarar på arabisk, engelsk, persisk (farsi), bosnisk-kroatisk-serbisk, somali, tyrkisk, urdu, vietnamesisk, nordsamisk og norsk, opplyser seniorrådgivar Ragnhild Indreeide i KRD.

Til no er ingen språk blitt tekne ut. Sjølv om somme av gruppene etter kvart har lang historie i Noreg, blir behovet for valinformasjon på språket halde oppe av t.d. giftarmål, familiejenforeining og liknande.

til side 2 →



**Du visste nok** at det er 100 år siden Stortinget vedtok alminnelig stemmerett for kvinner.

**Men visste du** at det er 30 år siden det ble innført alminnelig stemmerett for utenlandske statsborgere ved norske lokalvalg?

Foto: Mimsy Møller / Samfoto / NTB Scanpix

### Nordisk samisk språksenter

Nordisk samisk språksenter er et nyetablert fellesnordisk samisk fag- og ressurscenter. Senteret har ansvaret for språkfaglig arbeid som språkbevaring, språkutvikling, terminologiarbeid, språknormering, språkplanlegging og informasjon. Senteret har ni ansatte og dekker fem samiske språk. Senteret er et samarbeidsprosjekt mellom Samisk parlamentarisk råd og sametingene i Finland, Norge og Sverige. Målet med prosjektet er å etablere et permanent språksenter.

Språkrådet

www.språkrådet.no

- Aktuelt
- Fakta om norsk
- Ordbøker
- Lov og rett
- Råd om språk
- Andre språksider

## Få råd om klarspråksarbeid

Skal dere i gang med et klarspråksarbeid og trenger hjelp til å legge opp arbeidet? Ønsker dere å måle effektene av klarspråksarbeidet dere gjør? Vil dere vite hva som kan gjøre tekstene deres bedre?

Som en videreføring av prosjektstøtteordningen fra prosjektet «Klart språk i staten» kan statlige virksomheter få råd og hjelp fra Språkrådet og Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi). Se utlysning på [www.klarspråk.no](http://www.klarspråk.no).

## Kom i gang med nynorsken

Språkrådet tilbyr alle statsorgan ei startpakke for bruk av nynorsk i arbeidet. Vi kan komme til arbeidsplassen dykkar og gje

- orientering om mållova og dei viktigaste reglane
- informasjon om hjelpemiddel og kurstilbod
- ei kort innføring i stilideala i nynorsken
- praktiske råd

Skriv til [stat@sprakradet.no](mailto:stat@sprakradet.no), med «Startpakke» i emnefeltet.



Velkommen til frokostseminar om fagspråk og klarspråk i Oslo 12. juni. Les mer på [www.klarspråk.no](http://www.klarspråk.no)

Finne språkarrangementer der du er, på [www.spraakaret.no](http://www.spraakaret.no).

→ *Fleirspråkleg valinformasjon ... frå side 1*

### Kor tilgjengeleg er valkampen?

Sjølv om valinformasjonen frå styresmaktene er fleirspråkleg, er mediedekninga og informasjonen frå partia oftast berre på norsk.

– Å motivere til valdeltaking er sjølvstøtt viktig. Her er det partia som må ta hovudansvaret. Både KRD og IMDi prøver likevel å leggje til rette, både med økonomisk tilskot og samarbeid med ulike organisasjonar, seier Indreide.

– Partia spør oss ofte kva nye statsborgarar generelt er opptekne av, og det er stort sett det same som alle andre, nemleg veg, vatn, helse og skule. Vi tilrår partia å spisse budskapet, formidle innhaldet enkelt og omsetje viktige delar av informasjonen, legg Dalin til.

### Er språket klart?

Formulering av valinformasjon gir god trening i å skrive kort og mottakarorientert. I IMDi er kollegarettleing ein viktig språkrutine, og tilhøva ligg godt til rette for å fange opp uforståeleg språkbruk: Om lag tretti pro-

sent av dei tilsette har nemleg minoritetsbakgrunn.

– Klart språk er ekstra viktig når målgruppene ikkje har norsk som morsmål. Alle innbyggjarar skal ha likeverdige offentlege tenester, og skal ein ta informasjonsplikta på alvor, må ein ta utgangspunkt i at folk er ulike. Ved val skal avansert informasjon formidlast enkelt, og derfor handlar ein del av tilrådinga vår til KRD om kva informasjon som må omsettast. Til dømes er det viktig å presisere at legitimasjonen må ha bilete, for kva som er gyldig legitimasjon rundt om i verda, varierer mykje, seier Lisbeth Dalin i IMDi.

– I valinformasjonen bruker vi helst ikkje vanskelege fagord, som til dømes «manntal». Somme tider må vi ty til fagordet, men då prøver vi å forklare. Eit døme er «valoppgjør», som vi forklarar med «Kven blir vald?», supplerer Indreide i KRD.

### 30-årsjubileum

Av dei som fyller krava, er det irakarar og so-

maliarar som søker statsborgarskap i størst grad. Polakkar, derimot, søker sjeldan statsborgarskap. Likevel deltek dei ofte i lokalval. Det er tretti år sidan alle utanlandske statsborgarar fekk røysterett ved lokalval. (På grunn av § 50 i Grunnlova kan dei ikkje få røysterett ved stortingsval.) Utlendingar som budde i Noreg, hadde då allereie mykje av dei same rettane og pliktene som norske statsborgarar. Røysteretten vart utvida mellom anna fordi høvet til å påverke kommunalpolitikken skulle gjere utlendingane meir aktive i lokalsamfunnet og få dei til å kjenne seg meir heime i Noreg. Vallovutvalet, som kom med tilrådinga, ønskte eit generelt og objektivt kriterium. Derfor vart det sett krav om butid, ikkje språkkunnskapar eller andre kunnskapar. Til valet i 1983 vart det derfor laga eit eige informasjonsopplegg retta mot dei nye veljargruppene, og for første gong kom det valinformasjon på fleire språk.

Torunn Reksten

## Mållova og sosiale medium

Kan det skrivast, kan det vekslast, òg på Facebook og Twitter. Sosiale medium har blitt viktige kommunikasjonskanalar for dei fleste statsorgan, og vekslingsregelen i mållova gjeld òg meldingane som blir lagt ut der. Minst kvar fjerde melding skal dermed vere på nynorsk. Sentrale statsorgan rapporterer om fordelinga til Språkrådet kvart år, og det er lurt å halde oversikt over kor mange meldingar de har lagt ut, og korleis målformene fordeler seg gjennom året.

## Hegge i forhold til statsspråket

– Språket blir ikke dårligere om du skriver «Hvis du ikke betaler, blir det dyrt» i stedet for «Med mindre dette beløpet blir innbetalt før den første i månedsskiftet, vil det påløpe omkostninger», humret Per Egil Hegge i kjent stil da han var innom oss i Språkrådet forleden. En av gjengangerne i Heggens faste språkspalte i Aftenposten er uttrykket *i forhold til*. Senest i april holdt redaktøren forholdistparade. For klart skal språket være.

– Kansellistilen er et maktmiddel som har kommet under press fordi samfunnet ikke lenger skal styres ovenfra og ned. Myndighetene må skrive så folk forstår. Samtidig må man ikke forenkle for enhver pris. Eller som Albert Einstein svarte da han ble spurt om å lage en populærversjon av relativitetsteorien: «Man kan ikke spille Beethoven med tre tangenter.»

Les mer om Heggens meninger i Språknytt nr. 2/2013, som du finner på [www.spraakradet.no](http://www.spraakradet.no).

## I forhold til «i forhold til»

De siste åra har overdreven bruk av uttrykket *i forhold til* fått mye tyn. Men ikke all bruk er overdreven bruk, og mange har bedt oss greie ut om det.

De viktigste bruksområdene i dag kan deles inn i tre bolker: sammenlikning, universalpreposisjon og tekstbinding.

### Sammenlikning

*I forhold til* er opprinnelig et sammenlikningsuttrykk. Her har det i prinsippet godkjentstempel. Men glem ikke den mest elegante løsningen, det lille ordet *enn*! *Større enn* er oftest bedre enn *stor i forhold til*.

Men både helt allmenne og ganske innfløkte forhold krever noen ganger at vi skriver *sammenliknet med* (5 stavelser) / *jmført med* (3 stavelser) – ja, til og med *i forhold til: lav likningsverdi i forhold til reell verdi* er noe annet enn bare *lavere ... enn*.

Ofta vil *enn/jmført/sammenliknet* passe best når uavhengige ting sammenliknes. *I forhold til* passer gjerne best om proporsjoner, som del i forhold til (sic!) helheten: *Nesen hans er liten sammenliknet med (mindre enn) en snabel, men stor i forhold til fjeset*. Men glem ikke enkle faste uttrykk: *stor i forhold til alderen > stor for alderen*.

Helt åpne spørsmål kan også kreve *forhold: Hvor stor er a i forhold til b?* (*Er a større enn b?* er mindre åpent.)

I statistisk sammenheng bør språket være så enkelt som mulig, men ikke enklere: Det er lett å forstå at et land har 0,5 eller 7,5 sauer per innbygger. Men hvis landet har flere trafikkdrepte per innbygger enn noe annet land, skurrer det. Da bør det hete: *i forhold til innbyggertallet* eller skrives helt om.

Endringsformuleringer kan ofte løses slik: *Dette er en økning på x i forhold til i fjor > fra i fjor. Det er uendret i forhold til tidligere > Dette er som før. Og x varierer i forhold til y er mindre presist enn i samsvar med eller bare med.*

### Preposisjon

Preposisjonene setter ting i forhold til hverandre. Derfor kaller danskene dem *forholdsord*. *I forhold til* dekker alle preposisjonene samtidig.

Uttrykket trengs derfor til åpne spørsmål og andre udefinerte forhold. Da sitter alle preposisjonene på gjerdet. Eksempler: *Hvor ligger rådhuset i forhold til stasjonen? Hvor står studentene i forhold til kravene? Jernene skal være vridd i forhold til hverandre.*

Men *vri jernene 30 grader fra hverandre!* Et svar eller en presisering kaller oftest en spesifikk preposisjon ned fra gjerdet. Melder det seg et innarbeidet uttrykk, bruker vi det. Man må altså vri hjernen og omstille seg fra kontekst til kontekst.

Av og til er det umulig å bruke en mer presis preposisjon, fordi vi ikke har tradisjon for det:

*A har en utdypende funksjon i forhold til b. Da må vi kanskje godta det, eller skrive helt om (utdyper b).*

« I forhold til er åpentbart en uimotståelig fristelse for alle som ikke vet hva de skal si, men som sier det likevel. »

FINN-ERIK VINJE

De oppblåste autentiske forholdene nedenfor kan punkteres med preposisjoner. Prøv selv. Hint: *av, etter, for, i, ut fra, med, mot, om, opp, overfor, på, til*.

- norske regler er i stor grad bundet i forhold til EØS-avtalen
- rettigheter i forhold til loven
- hva andre etater gjør i forhold til å avklare forventninger
- begrunnet pragmatisk i forhold til særskilte hensyn
- det må skaffes mer informasjon i forhold til helsemessige aspekter
- å arbeide aktivt i forhold til kommunene for å etablere rutiner
- informasjon i forhold til timeplanen
- ordningene skal vurderes i forhold til reglene for statsstøtte
- kommunene er forberedt i forhold til utbrudd av smittsomme sykdommer
- en restriktiv holdning i forhold til å åpne opp for petroleumsvirksomhet

### Tekstbinding

*I forhold til* sprer seg på bekostning av gode, gamle fraser som *når det gjelder, som gjelder, med tanke på* ofl.

- paneldeltakerne [var] nokså positive i forhold til den arktiske framtida

Å være positiv *i forhold til noen* er å være mer positiv. Å være *positiv til noe* er å være for det. Dette er ingen av delene, og vi må gjette. Løsningen er trolig *med tanke på*, eller naturlig norsk: *se lyst på*.

Det er ikke tette skott mellom de tre bolkene i denne artikkelen. Og én regel gjelder uansett: Vri forholdet til du finner det enkleste uttrykket!



- studenter som viser liten evne i forhold til å mestre læreryrket > til å > dårlige læreremner like oppfatninger i forhold til situasjonen > av > samme syn på
- dette skaper utfordringer i forhold til å skaffe kompetent personell > når det gjelder å skaffe > gjør det vanskeligere å skaffe
- EØS-avtalen gir Norge forpliktelser i forhold til å måtte avgi data til undersøkelser > når det gjelder å > Etter EØS-avtalen må Norge ...

*I forhold til* kan en sjelden gang forsvares også som universalpreposisjon eller tekstbinder, men det finnes oftest bedre alternativ.

Mindre avvik i språkbruken må likevel godtas. Som et departement skriver: *Hva som er 'mindre avvik' vil måtte vurderes konkret (...), hvor bl.a. hensynet til estetikk og sjenanse i forhold til nabo og gjenboere, vil være relevante vurderingstema. På den andre siden: Vi mener det er et alvorlig avvik å sammenligne sjenansen sin med naboens. Det holder lenge med huset og bilen!*



Returadresse:  
Språkrådet  
Postboks 8107 Dep  
0032 OSLO



# SPRÅKTIPS

## SPRÅKEGGET

Bidrag til denne spalten er verpet av skrivende mennesker i stat og presse. Dagens eksempel er hentet fra Aftenposten:

*Regjeringen plasserer PST og Etterretningstjenesten under samme tak for å tette samarbeidet mellom tjenestene.*

Det er godt de får stoppet lekkasjene!

## DIKTET

### NORDMANNEN

Mellom bakkar og berg utmed havet  
heve nordmannen fenge sin heim,  
der han sjølv heve tuftene grave  
og sett sjølv sine hus oppå deim.

Han såg ut på dei steinute strender;  
det var ingen som der hadde bygt.  
«Lat oss rydja og byggja oss grender,  
og so eiga me rudningen trygt.»

Han såg ut på det bårute havet,  
der var ruskut å leggja utpå;  
men der leikade fisk nedi kavet,  
og den leiken, den ville han sjå.

Fram på vetteren stundom han tenkte:  
Giv eg var i eit varmare land!  
Men når vårsol i bakkane blenkte,  
fekk han hug til si heimlege strand.

Og når liene grønka som hagar,  
når det laver av blommar på strå,  
og når netter er ljose som dagar,  
kan han ingen stad venare sjå.

Ivar Aasen

*I år er det 200 år sidan Ivar Aasen vart fødd.  
Les meir om Aasen og diktinga hans i  
Språknytt nr. 2/2013. Der finn du òg  
«Nordmannen» med opphavleg ortografi.*

## FOR BOKFINKER

### Pass på e-en!

E-en brukes ofte som bindeelement i ord som er sammensatt av flere deler. Klare og letthåndterlige regler for når det skal settes inn en slik e, finnes ikke, og dermed kan det lett bli feil. Både i tale og skrift er det en tendens til å sette inn overflødige e-er. Særlig i adjektiv med utgang på -lig kommer det gjerne inn en e som ikke skal være der.

Riktige former er: *gemyttlig, gjennomsnittlig, helhetlig, muntlig, omtrentlig, opphavlig, skriftlig, språklig, stusslig, usynlig og ømtålig.*

Det heter *saklig* og *usaklig*, men derimot *hovudsakelig*. Nynorsk har imidlertid *sakleg* og *hovudsakleg*. Her må en bokstavelig (ikke \*bokstavig) talt være på vakt og innforstått (ikke \*inneforstått) med at det kan være fallgruver en ikke aner noe om.

e

## Kvar kjem namnet «Noreg» frå?

I gammalengelsk finn vi m.a. *Norðweg* allereie på 800-talet, og på ein runestein frå Jylland (ca. 980) finn vi ei akkusativform som svarar til *Norvegh*. Sisteledet i namnet er *vegr* 'veg'. Og dei fleste forskarar reknar med at førsteledet er *norðr* 'nord'. Alt i dei eldste norrøne skriftene finn vi *Noregr* utan v. I norske målføre ymsar namneformene, mest utbreidde har *Nåri*, *Nårje* og *Nårge* vore.

## Ordklekkig

Når maskinen går uvanleg tregt eller nettlesaren låser seg, då heiter det *nettheng*, svarar ein lesar kontant. Men kva med det psykososiale aspektet? At maskinen eller programmet går i vranglås nett når du skal visa nokre *andre* eitkvart? Denne forma for publikumsangst hjå programvare har Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap røynsle med, og dei kallar det *data-trass*.

Vi har tidlegare teke føre oss grunnar til å bli *penna galen/gæren* og *tastasur*, altså oppgjeven over umælande ting. No er turen komen til våre kjære kollegaer og andre medmenneske med både munn og meir eller mindre velkome mæle. Tenk deg at du har messa i fleire minutt om ein uvane du meiner dei bør leggja av seg, som til dømes – tja – å seia *i forhold til* i tide og utide? Kva heiter det når nokon straks etter sprett opp og tek uvanen til nye høgder, som om dei ikkje hadde høyrte den skilsetjande tiraden din? Skriv til [stat@sprakradet.no](mailto:stat@sprakradet.no).

## FOR MÅLTROSTAR

### I høve til?

Ein kan bruka ordet *forhold* også på nynorsk. Eller ein kan velja å la *tilhøve*, *høve*, *vilkår* ofl. dekkja alle forhold. Då må *i forhold til* heita *i høve til*.

Nokre gonger trengst det. Særleg kan det vera godt til jamføring (*store utgifter i høve til inntektene*) og om proporsjonar. Men oftast er det dårleg, nett som *i forhold til* (sjå s. 3), og blir misbrukt på dei same områda.

Døme: *Nye utfordringar i høve til det og det > som gjeld / (i samband) med / knytte til. Nye opplysningar i høve til saka* er beint fram om. *Nye opplysingar i høve til dei gamle* er kanskje logisk, men ikkje godt. *Utforming i høve til omgjevnadene* kan derimot vera heilt greitt, særleg om det er *i samhøve med omgjevnadene (som høver i)*.

No har ordet *høve* fleire tydingar, mellom anna 'anledning' og så om lag 'tilfelle'. Døme: *I høve den store dagen* og *i slike høve gjeld reglane ikkje*.

## STATSSPRÅK

Bladet for godt språk i staten

Telefon til Språkrådet og Statsspråk:  
22 54 19 50

Redaktør:  
Torunn Reksten, [stat@sprakradet.no](mailto:stat@sprakradet.no)

Abonnement og adresseendring:  
[bestilling@sprakradet.no](mailto:bestilling@sprakradet.no)

Utforming: Beate Syversen, [beate@b-7.no](mailto:beate@b-7.no)

Trykk: Zoom Grafisk

Opplag: 17 500  
Redaksjonen avslutta: 14.05.2013

ISSN 0805-164X

